



Bjarte Vatnøy
Krokjen 122
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3790 - 18/37884

Saksbehandlar:
Chadi Badra
chadi.badra@lindas.kommune.no

Dato:
21.12.2018

Svar på søknad om dispensasjon frå gjødselplan

Eigedom: Gnr.162 bnr.1
Adresse for eged: Krokjen 122, 5912 Seim
Type tiltak: Fritak frå krav om gjødselplan
Søker: Bjarte Vatnøy

Saka gjeld:

Det er krav om gyldig gjødselplan for å kunne søkje om og motta produksjonstilskott i landbruket. Søker meiner han driv so ekstensivt at han ikkje treng gjødselplan. Forskrift om gjødselplan §5 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om gjødselplan. Grunnlaget for å gje dispensasjon er svak gjødsling og få dyr i ekstensiv drift.

Grunnlag:

Gnr. 162 bnr.1 har 21 da slåtteland og 33 da innmarksbeite. Driftforma er sau som beitar ute heile året. Vinterhalvåret står dei inne om natta.

Det vert kjøpt inn 200 kg. Fullgjødsel av av type 18-3-15.. Det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel på innmarka anna enn det sauene legg att. Anna gjødsel vert delt ut til hageeigarar.

Det er 5 vinterfora sau i drifta.

Innkjøpt gjødsel vert nytta på 17da.

Vurdering:

Gjødseldyreiningar er $5:7 = 0.71$ gjd.

Innkjøpt fullgjødsel tilsvarar 0.6 kg N, 0.1 kg P og 0.52 kg K pr.da.

Gjødsel mengde er veldig svak.

Det ligg ikkje føre jordprøver som kan seie noko om tilstanden i jorda.

Konklusjon:

Spreiearealet på bruket er lite, og innkjøpt mengde fullgjødsel gjev ei gjødsling som er lavare normgjødsel.

På denne bakgrunnen meiner landbrukskontoret søker kan få fritak frå kravet om gjødselplan.



Vedtak:

Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Lindås kommune Bjarte Vatnøy fritak frå kravet om gjødselplan.

Vedtaket er gyldig i 5 år.

Om dyretal eller innkjøpt gjødsel endrar seg fell løyvet vekk.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjarte Vatnøy

Krokjen 122

5912

SEIM